



Askøy kommune
Postboks 323
5323 KLEPPESTØ

Dato: 02.03.2016
Vår ref.: 2014/392-14
Saksbehandlar: benutne
Dykkar ref.:2016/291-1

Askøybrua – trafikkmengde – sikring

Vi viser til brev frå Askøy kommune av 15.01.16, der ordføraren ber fylkesordføraren om å medverka til at sikringsgjerde og tre køyrefelt samt gang- og sykkelveg vert bygd så raskt som mogeleg på Askøybrua.

Høgt rekkverk (sikringsgjerde)

Når det gjeld høgt rekkverk på brua, viser vi til Fylkestinget sitt vedtak PS 63/2015 den 13. oktober 2015:

1. a) Fylkestinget godkjenner oppstart av prosjektering av høgt rekkverk på Askøybrua.
b) Fylkestinget vil realisere høgt rekkverk på Askøybrua så snart som mogleg.
2. Kameraovervakinga på Askøybrua går som planlagt og blir evaluert innan to år. Fylkestinget ber om at rapporten er klar til 15.04.2016.

Statens vegvesen er i slutfasen med prosjekteringa av høgt rekkverk. Ein grov framdriftsplan som gjeld bygginga er:

- Prosjektering og konkurransegrunnlag – ferdig våren 2016
- Anbudskonkurranse – april – juni 2016
- Val av leverandør – august 2016
- Kontrakt – september 2016
- Oppstart – oktober 2016
- Ferdig sikra vår 2017

I tillegg førebur Statens vegvesen ei evaluering av overvakinga på brua.

Kollektivfelt

Det er mogeleg å få til eit tredje felt på brua, ved å hekta på ein utanpåliggjande gang- og sykkelbane. Statens vegvesen meiner at eit reversibelt tredje felt er utfordrande med omsyn til trafikkavvikling og trafikktryggleik. Eit anna alternativ kan vera fire felt, men dette vil krevja ytterlegare planlegging.

Vegvesenet har gjort eit grovt kostnadsanslag på utanpåliggjande gang- og sykkelbane til 140 mill kr inklusive mva. Argumentet for å tilretteleggja for tre felt og utanpåliggjande gang- og sykkelbane no, er at det høge rekkverket på den sida der det kjem gang- og sykkelbane då må flyttast/rivast. Dette var drøfta i sak PS 63/2015 (utdrag frå saka):

Alternativ 2 (Påhengt gangbane på 3 meter, med 2,5 meter høge ytterrekkverk): Brua vil få tre køyrefelt, herav eitt som kan nyttast til kollektivfelt. Dette får først nytte når omliggjande vegar får tre (eller fleire) felt. Rapporten konkluderer med at alternativ 2 er teknisk mogeleg, men det er nødvendig med ytterlegare undersøkingar i vindtunell. Dersom ein i 2016 byggjer nytt rekkverk i samsvar med alternativ 1, og deretter vel å gå over til alternativ 2 med tre køyrefelt på brua, vil utskiftinga til 2,5 meter høgt rekkverk på gang- og sykkelsida vera unødvendig.

.....

Fylkesrådmannen meiner at påhengde gangbanar (alternativ 2 og 3) ikkje er realistiske alternativ i overskueleg framtid. Dermed er det alternativ 1 (erstatning av dagens rekkverk med 2,5 meter høgt ytterrekkverk) som no er aktuelt ved fysisk sikring av Askøybrua.

Hordaland fylkeskommune vil understreka at eit reversibelt tredje (og eventuelt fjerde) felt på brua truleg vil ha minimal nytte på trafikkavviklinga så lenge ikkje omliggjande vegar har tilsvarende mange felt. For at fleire felt skal komma til nytte, må det byggjast fleire felt frå Strusshamn rundkøyringa til Storavatnet, herunder ny Olsviktunell. Dette er eit dyrt prosjekt som ikkje har finansiering. Det er lite sannsynleg det kan realiserast utan ein høg bompengandelen. Prosjektet er naturleg å vurdere i samband med rulleringa av Regional Transportplan.

Inntil andre løysingar og vedtak er klare, må Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen iverksetja gjeldande vedtak om fysisk sikring og evaluering.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Bente Utne
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Statens vegvesen Region vest